

Hailt blåst sommarrevy



«PÅ GRILLEN». Gard Folkvord vart grilla under denne riddervisa på sommarrevyen i fjor. Som valvinnar og ny ordførar, ligg kanskje nye Folkvordnummer i lufta.

Lokale og utanbys revyartistar lagar sommarrevy for 11. år på rad. Premieren er fredag 13. juni.

Herdis Moldøen

herdis@hardanger-folkeblad.no

Årets sommarrevy i teltet i Odda skal heita «Hailt Blåst», men folka som står bak er ikkje like blåste.

Arrangør Kai Inge Gavle lokkar med både comeback frå lokale stjerner, Frode Grytten som tekstskrivar og det proffe revybandet frå Stavanger/ Haugesund.

Nye og gamle fjes

På scena i år er det duka for fem spennande profilar med sterke karakterar. Som alltid er det nokon nye og nokon gamle heltar.

Oddvar B. Jersin og Yngve Dyvik kjem til Odda for å gjera comeback. Det var dei som i si tid starta sommarrevytradisjonen i Odda.

Irene Ahnell trefte vi for første gong i fjor. Ho er frå Bergen og fall pladask for Odda etter fjorårets sommarrevy. Ho har også i år ansvaret for regi, kostymer og scenografi.

Ny av året er Bente Raaen som vi kjenner som tidlegare

HF-journalist og som ei blussande og sprudlande cowboydronning frå fjorden.

Idol-Helge Tverdal treng neppe noko marknadsføring. Han skal hovudsakleg stå for allsongen, men skal også bidra noko under sjølve revydelen.

Saman skal dei underhalda hardingar, oddingar og andre som meiner at det ikkje vert sommar utan revy.

Vanskeleg økonomi

– Det var lenge tvilsamt om vi skulle halde fram med denne hyggelege tradisjonen. Men når sjølvaste Oddvar B. Jersin og Yngve Dyvik vil gjera comeback

på scenen, klarte ikkje eg å seie nei, sjølv med eksamen tre dagar før premieren, seier arrangør Kai Inge Gavle.

Han stod også bak fjorårets revy som gjekk i underskot på tross av gode besøkstal og flotte omtalar.

– I år håpar vi på god støtte frå det lokale næringslivet og kommunane i distriktet, seier Gavle.

Arangøren skrumpar inn på talet på show. I år må dei som vil gå på revy velja ein av to helger. Premieren er 13. juni. I tillegg vert det show den 14., og tre førestillingar helga etter på datoane 19.- 21. juni.